

Styresak

Går til: Styremedlemmer
 Selskap: Helse Vest RHF
 Dato: 19.10.2005
 Sakbehandlar: Anne May S. Sønstabø
 Saka gjeld: ØKONOMIRAPPORT PR. 30. SEPTEMBER 2005

Styresak 101/05 B

Styremøte 23.11. 2005

Bakgrunn

Økonomirapporten er utarbeidd med utgangspunkt i helseføretaka si rapportering til Helse Vest pr. september. Effektane av revidert budsjett er no innarbeidd i alle HF'a sine budsjett. Endringane er omtala i sak 74/05. Her kan ein merke seg at Helse Vest *ikkje* har stilt auka resultatkrav til HF'a som følgje av auka DRG-pris. Den nye DRG-prisen vil difor kome fram som ei auka inntekt og bidra til at helseføretaka kan nærme seg det budsjetterte inntektsmålet som vart sett i starten av året. I samband med at den nye regjeringa la fram sitt forslag til statsbudsjett er det varsla at ISF-prisen for 2005 vil bli auka. Dette vil skje i omgrupperingsproposisjonen og samla for heile landet er det lagt opp til ei auka inntekt på kr 200 mill. For Helse Vest vil dette kunna bety ei auka inntekt på ca. kr 37 mill. I og med at Helse Bergen allereie har lagt inn kr 27 mill i meirinntekt i prognosen som følgje av ein forventa auke i ISF-prisen vil dette samla for konsernet bety ei betring i resultatet på rundt kr 10 mill.

Helse Vest IKT AS er frå og med september tatt med i konsernrapporteringa og inngår i både den samla resultatoppstillinga og med kommentarar i eit eige kapittel (2.6).

Kommentarar

1. RESULTAT FOR KONSERNET

Helse Vest (føretaksgruppa)

Resultat i heile tusen	AKKUMULERT SEPTEMBER						
	Faktisk resultat A	Budsjett B	Avvik mot budsjett A-B	Meir avskrivningar C	Resultat korr. for meiravskr. D=A+C	Resultat i fjor E	Avvik mot i fjor D-E
Helse Stavanger HF	-28,7	-25,5	-3,2	63,8	35,0	-82,9	117,9
Helse Fonna HF	-67,0	-32,9	-34,1	55,5	-11,4	-40,2	28,8
Helse Bergen HF	-209,1	-188,4	-20,7	162,6	-46,5	-212,0	165,5
Helse Førde HF	-68,4	-31,0	-37,4	51,0	-17,4	-22,6	5,2
Apoteka Vest HF	1,5	0,0	1,5		1,5	1,5	0,0
Helse Vest IKT	1,4	0,5	0,9	0,0	1,4	0,0	1,4
Kjøp av helsetenester	36,0	62,1	-26,1		36,0	41,8	-5,8
Helse Vest RHF	-32,5	-48,2	15,7		-32,5	-26,7	-5,8
Sum føretaksgruppa	-366,6	-263,3	-103,3	332,8	-33,8	-341,1	307,3

Pr. september er det i føretaksgruppa eit negativt avvik samanlikna med budsjett på kr 103,3 mill. Helse Stavanger har eit negativt avvik samanlikna med budsjett på kr 3,2 mill. Dette er ei betring på kr 8,5 mill frå august. Helse Fonna har eit negativt avvik mot budsjett på kr 34,1 mill. Avviket har auka med kr 2,4 mill frå august til september. Avviket i Helse Bergen er på kr 20,7 mill som er ei forverring på kr 4,4 mill frå august. Helse Førde har det største avviket, minus kr 37,4 mill. I Helse Førde har likevel avviket endra seg litt i positiv retning sett opp mot forrige rapportering.

Helse Vest IKT har eit overskot pr. september på kr 1,4 mill. Dette er kr 0,9 mill betre enn budsjettet. Kjøp av helsetenester har eit negativt avvik på kr 26,1 mill medan Helse Vest administrasjon har eit positivt budsjettavvik på kr 15,7 mill.

Prognose

PROGNOSE HEILE ÅRET

Helse Vest (føretaksgruppa)

Resultat i heile tusen	Året totalt				
	Prognose 2005	Budsjett 2005	Rekneskap 2004	Avvik budsjett	Avvik i fjor
Helse Stavanger HF	-91,9	-65,5	-194,3	-26,3	102,4
Helse Fonna HF	-72,0	-62,1	-98,8	-9,9 *)	26,8
Helse Bergen HF	-302,4	-302,4	-495,3	0,0	192,9
Helse Førde HF	-102,7	-80,8	-109,8	-21,9	7,0
Apoteka Vest HF	-3,0	0	-2,3	-3,0	-0,7
Kjøp av helsetenester	82,5	82,5	58,0	0,0	24,5
Helse Vest RHF	-65,1	-65,1	-42,2	0,0	-22,9
Sum føretaksgruppa	-554,7	-493,5	-884,7	-61,2	330,0
Meiravskrivningar	446,0	446,0	354		92,0
Resultat justert for meiravskr.	-108,7	-47,5	-530,7	-61,2	422,0

*) Styreleiar Magnus Skåden presenterte i siste styremøte for Helse Fonna ein prognose som viser kr 25 mill i avvik. Talmaterialet i denne saka er basert på rapportering frå administrasjonen i Helse Fonna.

Pr. september er det no berre Helse Bergen som leverer ein prognose i tråd med budsjett. Helse Stavanger reknar med å ha eit negativt avvik samanlikna med budsjett ved slutten av året på kr 26,3 mill. Helse Fonna reknar med å ha eit negativt avvik på kr 9,9 mill medan det negative avviket samanlikna med budsjett i Helse Førde er venta å verta på kr 21,9 mill. Apoteka Vest er no nede på ein prognose som viser eit negativt avvik på kr 3 mill.

Halveringa i lab/røntgen takstane til helseføretaka skulle i utgangspunktet kompenseras frå staten gjennom ein auke i basisramma. Helseføretaka har i prognosane føresett at omlegginga var resultatnøytral. Det er likevel grunn til å peike på at det er noko usikkerheit knytt til dette. Basisramma til Helse Vest er for 2005 auka med kr 35 mill for å dekkje halvering av refusjonssatsane. I samband med implementeringa av satsreduksjon er det frå statens side gjort fråtrekk for 1,5 månads etterslep (ca. kr 21 mill). Det er usikkert korleis denne problemstillinga skal handterast i implementeringsåret. Dei regionale helseføretaka har tatt opp problemstillinga med HOD for å få avklart om det vil være grunnlag for å føre etterslepet som eit krav på staten eller om dette må takast som eit tap i rekneskapet i implementeringsåret. Inn til vidare har Helse Vest bedt helseføretaka om å legge forsiktighetsprinsippet til grunn og ikkje

inntektsføre etterslepet på 1,5 måned. I prognosane ser vi likevel at ikkje alle helseføretaka har tatt høgde for denne usikkerheita. Dette gjeld alle helseføretaka med unntak av Helse Stavanger. Årsaka til dette er at informasjon om dette ikkje har kome ut i tidleg nok i forhold til avslutninga av september.

Helse Stavanger melder no om ein prognose som viser eit resultat som er kr 26,3 mill dårlegare enn budsjettert. Dette er ein konservativ prognose. Helse Stavanger har varsla om at ein sannsynlegvis vil kome betre ut enn dette.

Med eit avvik pr. september i Helse Fonna på kr 34,1 mill er det klart at ein prognose som legg opp til eit avvik på kr 9 mill kan verte vanskeleg å nå. Helse Fonna varslar at det er mange usikre faktorar i prognosen. Det blir her vist til kommentaren ovanfor kor styreleiar Magnus Skåden no melder om eit avvik på kr 25 mill for året.

Helse Bergen ventar at ordinær drift går i budsjettbalanse i 2005. Det er då som tidlegare føresett at manglande kodeforbetring vert kompensert med høgare ISF-pris, og at endringar i avskrivingsreglar gir bokført avskrivingskostnad lik budsjett. Det er også føresett at bortfall av inntekt pga halvering av lab. og røntgentakstar blir kompensert fullt ut. Regjeringa har lova ein auka ISF-pris for 2005. Helse Bergen har lagt til grunn at dette vil betre resultatet med kr 27 mill. Det reelle beløpet kan verta noko lågare.

Helse Førde sin prognose er omtrent uendra i høve til august. Her er det ingen nye faktorar som er tatt inn. Forklaringa på at ein ikkje når resultatmålet som er sett i budsjettet ligg i at ein av ulike grunnar ikkje har kome tidleg nok i gang med tiltak som skulle gje effekt i inneverande år. I tillegg har Helse Førde avvik på sjuketransport m.m.

2. RESULTAT FOR VERKSEMDENE

2.1 Generelt

2.2 Helse Stavanger HF

2.2.1 Resultat

Samdragsrapport pr.:

SEPTEMBER 2005

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år		2004		2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	191 754	8,8 %	175 898	8,2 %	168 616	8,6 %	244 859	233 556	11 303
ISF	758 796	34,7 %	748 415	34,8 %	447 200	22,9 %	1 015 655	1 005 705	9 950
Rammetilskot	1 167 621	53,3 %	1 164 010	54,2 %	1 274 614	65,3 %	1 563 551	1 556 978	6 573
Andre inntekter	70 739	3,2 %	60 594	2,8 %	60 783	3,1 %	96 077	82 325	13 752
Sum driftsinntekter	2 188 910	100,0 %	2 148 917	100,0 %	1 951 213	100,0 %	2 920 143	2 878 564	41 579
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	263 898	12,1 %	244 986	11,4 %	242 797	12,4 %	362 306	336 320	25 986
Løns- og personalkostnader	1 518 391	69,4 %	1 505 093	70,0 %	1 456 714	74,7 %	2 056 050	2 040 556	15 494
Andre driftskostnader ekskl. meiravskriving	368 432	16,8 %	357 893	16,7 %	332 996	17,1 %	504 829	478 600	26 229
Sum driftsutgifter	2 150 721	98,3 %	2 107 972	98,1 %	2 032 507	104,2 %	2 923 185	2 855 476	67 709
Driftsresultat ekskl. meiravskriving	38 189	1,7 %	40 945	1,9 %	-81 294	0	-3 042	23 088	-26 130
Netto finans	-3 151		-2 700		-1 646		-3 814	-3 600	-214
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskriving	35 038		38 245		-82 940	0	-6 856	19 488	-26 344
- Meiravskriving	63 750		63 750		63 750		85 000	85 000	0
Resultat	-28 712	0	-25 505	0	-146 690	0	-91 856	-65 512	-26 344

Helse Stavanger har pr. september eit resultat som er kr 3,2 mill dårlegare enn budsjettert. Isolert for september er resultatet kr 8,5 mill betre enn budsjettert. På inntektssida er det eit positivt avvik på kr 40

mill. Helse Stavanger har eit positivt avvik på ISF-inntektene på kr 10,4 mill (1,4 %). Dette heng saman med at ein ligg tett på å nå produksjonsmålet som var sett for 2005 og at ISF-prisen vart auka i revidert budsjett. Talet på polikliniske konsultasjonar ligg òg godt over planen og dette gir eit positivt avvik på dei polikliniske inntektene på kr 15,9 mill (9 %). Avviket på dei polikliniske inntektene skuldast òg at ein hadde føresett at halveringa av lab/røntgen takstar skulle gjelda frå 1.5. I og med at dette vart utsett til 1.9. har ein større del av inntektene kome som lab/røntgen takstar og mindre som rammetilskot.

På kostnadssida er det totalt eit negativt avvik på kr 42,7 mill (2 %). På varekost er det et negativt avvik på 10 % isolert sett i september (2,3 mill. kr) og 7,4 % hittil (kr 18 mill). Grunnen til den største delen av avviket hittil er at to av klinikkane har budsjettert ei innsparing på til saman kr 15 mill utan at det er tatt stilling til kva ein skal spare inn på. Av dette ligg ca kr 11 mill inne i budsjettet pr. september. Elles er det eit negativt avvik på varekjøp på klinikk for medisinsk service på kr 4 mill. Kr 2,2 mill av dette gjeld behandlingshjelpemiddel, avvika elles kjem som følgje av auka etterspørsel etter lab-tenester; blant anna er det kjøpt inn meir blod enn budsjettert.

Akkumulerte tal viser eit negativt avvik på kostnader til løn på kr 13,3 mill kor kostnader til overtid og ekstrahjelp utgjør kr 23,7 mill. Av dette ligg den største delen av avviket på bruk av overtid og ekstravakter (kr 11,5 mill) og engasjement/bistillingar (kr 4,9 mill). Avviket på overtid og ekstravakter skuldast ei rekke ulike forhold, men ein viktig grunn er at pasienttilstrøminga til akuttmottak og intensivavdeling har vore høg i år. Akuttklinikken (der intensivavdelinga og akuttmottaket ligg) har då også størst avvik av alle på denne posten, med kr 3,8 mill.

Konto for engasjement/bistillingar (5155) er i all hovudsak brukt i samband med kvelds- og ekstrapoliklinikkar, og dette er i stor grad aktivitet som ikkje er bruttobudsjettert. Det vil seie at aktivitet på slike områder ikkje er budsjettert verken som inntekter eller som her, på kostnadssida. Avviket på denne kontoen må difor haldast opp mot eit positivt avvik på polikliniske inntekter.

2.2.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Hittil i år			2004	Heile året		
	Rekneskap -05	Plan -05	Avvik		Prognose	Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	31 110	32 101	-991	31 110	43 315	43 315	0
Dagkirurgi/dagbeh.	20 859	21 116	-257	19 653	28 906	28 906	0
DRG-poeng	40 583	40 680	-97	38 171	54 822	54 822	0
Pol. konsultasjonar	136 709	133 475	3 234	129 888	184 362	180 000	4 362
Psykatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	69 773	79 943	-10 170	77 987	93 031	106 590	-13 559
Opphaldsdagar, dagpasientar	10 889	15 300	-4 411	20 786	14 519	20 400	-5 881
Pol. konsultasjonar	52 030	44 659	7 371	38 686	69 373	59 545	9 828

DRG produksjonen pr. 3.kvartal er 0,2% lågare enn planlagt. På poliklinikk ligg Helse Stavanger 2,4% over plan. Innan psykiatri er plantalet for 2005 på døgnbehandling sett litt lågare enn produksjonen i 2004 og all vekst i forhold til opptrappingsplanen er lagt på poliklinikk. Dette grunna målet om ei dreining mot poliklinisk behandling.

2.3 Helse Fonna HF

2.3.1 Resultat

Samandragsrapport pr.:

SEPTEMBER 2005

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	81 432	6,8 %	78 841	6,5 %	78 397	6,9 %	109 000	106 175	2 825
ISF	387 633	32,2 %	397 262	32,9 %	235 078	20,8 %	530 057	534 270	-4 213
Rammetilskot	694 176	57,7 %	694 195	57,5 %	779 758	68,9 %	942 263	941 913	350
Andre inntekter	39 828	3,3 %	36 199	3,0 %	38 609	3,4 %	53 075	49 400	3 675
Sum driftsinntekter	1 203 069	100,0 %	1 206 497	100,0 %	1 131 842	100,0 %	1 634 395	1 631 758	2 637
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	126 503	10,5 %	117 284	9,7 %	119 158	10,5 %	166 025	158 998	7 027
Løns- og personalkostnader	874 881	72,7 %	849 139	70,4 %	844 623	74,6 %	1 172 159	1 158 801	13 358
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	212 626	17,7 %	216 725	18,0 %	208 919	18,5 %	293 251	301 053	-7 802
Sum driftsutgifter	1 214 010	100,9 %	1 183 148	98,1 %	1 172 700	103,6 %	1 631 435	1 618 852	12 583
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-10 941	-0,9 %	23 349	1,9 %	-40 858	-3,6 %	2 960	12 907	-9 947
Netto finans	-506		-700		658		-1 000	-1 000	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-11 447		22 649		-40 200	0	1 960	11 907	-9 947
- Meiravskrivning	55 503		55 503		55 503		74 000	74 000	0
Resultat	-66 950	0	-32 854	0	-95 703	0	-72 040	-62 093	-9 947

Helse Fonna har pr. september eit avvik i resultat målt mot budsjett på kr 34,1 mill. På tross av at fleire korrektive tiltak er sett i verk viser resultatet ei forverring på kr 2 mill samanlikna mot august. Det er særleg på kostnadssida ein ser ein negativ trend.

Isolert for september månad viser inntektene eit positivt avvik på kr 3,9 mill. Akkumulerte tal viser eit negativt avvik på inntektene kr 3,4 mill. Det positive avviket i september er knytt til poliklinikk og andre inntekter. Den polikliniske produksjonen er høgare enn budsjettet. ISF-inntektene er i tråd med budsjett. Produksjonen ligg ca. 2 % under planlagt nivå, men auken i DRG-prisen veg opp for dette avviket.

På kostnadssida har aktiviteten i september månad medført ein ytterlegare auke i det negative avviket med kr 6 mill. Akkumulert pr. september er det no eit negativt avvik på kostnadene på kr 30,9 mill (2,6 %). Varekostnader hittil i år har eit avvik på kr 9,2 mill. Framleis er det medisinske forbruksvarer som står for det største avviket. Budsjettet var lagt med føresetnad om at fleire avtalar skulle reforhandlast og gi effekt i form av lågare varekostnader, men resultatet så langt i år viser at desse føresetnadene ikkje har blitt oppfylt.

På løn er det eit meirforbruk samanlikna med budsjett på kr 25,7 mill. Isolert for månaden er det eit meirforbruk på kr 4,4 mill der hovudårsaka ligg i meirforbruk av variabel løn. Her er det sett inn ekstraordinære tiltak og det er venta at tala for neste månad vil vise at denne utviklinga er bremsa. Det er sett stopp for innleie og overtid for alt arbeid som ikkje kan grunnast i fare for liv og helse. I tillegg er all reiseverksemd, kurs og andre personalkostnader stoppa for resten av året. Alle klinikkar rapporterer no kvar veke på bruk av variabel løn. Rapporteringa syner at forbruket minkar, men ikkje i stor nok grad. Helse Fonna reknar med å oppnå ei betring i oktober, men dette vil neppe vere tilstrekkeleg til å oppnå måltal i budsjettet.

Andre driftskostnader har eit negativt avvik på kr 1,4 mill. Av dette utgjør meirforbruk på sjuketransport kr 2,7 mill. Helse Fonna har eit positivt avvik på avskrivningar. Ny kalkulering viser at dette vil fortsetje og vil gje eit positivt avvik totalt for året på ca. kr 6 mill. Endringa i høve til budsjett skuldast endring i anleggsformuen, dekomponering av anlegg og seinare aktivering av enkeltprosjekt enn planlagt dette året.

2.3.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Hittil				Heile året		
	Rekneskap -05	Plan -05	Avvik	2004	Prognose	Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	18 946	18 906	40	18 104	25 464	25 404	60
Dagkirurgi/dagbeh.	9 168	9 233	-65	8 686	12 534	12 534	0
DRG-poeng	20 798	21 335	-537	19 950	28 527	28 777	-250
Pol. konsultasjonar	65 838	66 961	-1 123	66 134	91 450	91 450	0
Psykatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	52 005	58 903	-6 898	60 527	69 900	78 568	-8 668
Opphaldsdagar, dagpasientar	4 807	5 608	-801	5 715	6 800	7 700	-900
Pol. konsultasjonar	26 754	25 702	1 052	24 164	36 100	34 700	1 400

DRG-produksjonen ligg om lag 2,5 % under planlagt nivå. Helse Fonna ligg an til å klare målsettinga som er sett med tanke på talet på sjukehusopphald. Lågare DRG-indeks enn det som er lagt til grunn i budsjettet gjer likevel at ein ikkje fullt ut når målsett DRG-produksjon. Denne svikten tilsvarar kravet om kodeforbetring som er sett i statsbudsjettet for 2005. Talet på polikliniske konsultasjonar innan somatikk er 1,7 % under planlagt nivå.

Innan psykiatri er talet på opphaldsdøgn betydeleg redusert. Pr. september er det ein reduksjon på 11,7 % samanlikna med plan. I staden ser vi ein vekst i talet på polikliniske konsultasjonar på 4,1 %. Dette er ei styrt utvikling frå Helse Fonna si side.

2.4 Helse Bergen HF

2.4.1 Resultat

Samandragsrapport pr.:

SEPTEMBER 2005

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	311 017	8,3 %	313 846	8,5 %	291 240	8,5 %	399 081	424 081	-25 000
ISF	1 170 903	31,3 %	1 172 490	31,6 %	681 290	19,8 %	1 599 029	1 584 029	15 000
Rammetilskot	2 097 124	56,0 %	2 085 865	56,3 %	2 298 788	66,9 %	2 805 247	2 780 247	25 000
Andre inntekter	163 505	4,4 %	135 366	3,7 %	166 852	4,9 %	179 938	179 938	0
Sum driftsinntekter	3 742 549	100,0 %	3 707 568	100,0 %	3 438 170	100 %	4 983 294	4 968 294	15 000
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Rekneskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	624 357	16,7 %	603 802	16,3 %	563 976	16,4 %	809 313	809 313	0
Løns- og personalkostnader	2 584 001	69,0 %	2 574 531	69,4 %	2 498 145	72,7 %	3 484 350	3 499 350	-15 000
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	571 478	15,3 %	548 347	14,8 %	588 510	17,1 %	761 790	734 040	27 750
Sum driftsutgifter	3 779 836	101,0 %	3 726 679	100,5 %	3 650 631	106,2 %	5 055 452	5 042 702	12 750
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-37 287	-1,0 %	-19 111	-0,5 %	-212 461	-6,2 %	-72 158	-74 408	2 250
Netto finans	-9 227		-6 752		367		-11 252	-9 002	-2 250
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-46 514		-25 863		-212 094	0	-83 410	-83 410	0
- Meiravskrivning	162 552		162 552		162 552		219 000	219 000	0
Resultat	-209 066	0	-188 415	0	-374 646	0	-302 410	-302 410	0

1) Inntektsfordeling i % av totale driftsinntekter

2) Kostnader i % av driftsinntekter. Tallet gir et uttrykk for relativ kostnadsbruk i høve til omsetjing (kostnadseffektivitet)

Helse Bergen har pr. utgangen av september eit negativt resultatavvik målt mot budsjett på kr 20,7 mill. På inntektssida er det eit positivt avvik på kr 35 mill, dvs. 0,9 %. ISF-inntektene ligg tett opp mot budsjettert nivå med eit negativt avvik på kr 1,6 mill. Dei polikliniske inntektene er om lag på nivå med budsjettet med eit avvik på kr 2,8 mill. Rammetilskotet er på kr 11,2 mill over budsjettert nivå. Pr. september er det inntektsført kr 7,8 knytt til halvering av lab/røntgen takstar. Det er her føresett at Helse Vest kompenserer for bortfallet i inntekt. For detaljar om Helse Vest si handtering av dette, sjå omtale av prognose under punkt 1.

Andre inntekter har eit positivt avvik på kr 28,1 mill. Rundt kr 9 mill av dette heng saman med auka leigeinntekter og auka sal av ulike tenester. Delar av avviket heng saman med inntekter som ikkje er budsjettert, men som har ei tilsvarande kostnadsside. I tillegg har ein på andre driftskostnader lagt inn eit innsparingskrav som ein har føresett skal kompensert med inntekter utover budsjettert nivå.

Kostnadssida viser eit negativt avvik på kr 53,2 mill, dvs. 1,4 %. På løn- og personalkostnader er det eit overforbruk på kr 9,5 mill (0,4%). Avviket er knytt til bruk av dyr arbeidskraft, særleg ved ferieavvikling. På varekostnader er det eit overforbruk på kr 20,6 mill. Av dette avviket ligg kr 15 mill på forbruk av medikament, behandlingshjelpemiddel (1,6 mill) og implantat (3,5 mill). Auken i implantatkostnader har ei tilsvarande inntektsside. Andre driftskostnader har eit negativt avvik på kr 23,1 mill. Dette avviket skuldast ikkje-fordelte innsparingskrav som Helse Bergen har føresett blir dekka gjennom auka inntekt.

I prognosen har Helse Bergen lagt til grunn at ordinær drift går i budsjettbalanse i 2005. Det er då føresett at manglande kodeforbetring vert kompensert med høgare ISF-pris, og at endringar i avskrivingsreglar gir bokført avskrivingskostnad lik budsjett. Som nemnt under vurderinga av resultat for konsernet vil det kome ein auke i ISF-prisen. Auken for Helse Bergen vil truleg ligge litt i underkant av det som er anslått i prognosen.

Det er også føresett at bortfall av inntekt pga halvering av lab. og røntgentakstar blir kompensert fullt ut. Det vil i Helse Bergen i 2005 vere nokre eingongspostar som samla blir resultatnøytrale. Som tidlegare varsla vil endra rekneskapsføring av ombyggingsprosjekt, framskunda tiltak i psykiatrien samt meirkostnader ved pasientar ved Valen sjukehus samla gi om lag kr 35 mill i negativt avvik. Desse postane vil bli motsvara av ein korreksjon av avsetninga for opptente overlegepermisjonar, og blir såleis samla resultatnøytralt.

2.4.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Rekneskap -05	Hittil		2004	Heile året		
		Plan -05	Avvik		Prognose	Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	76 861	75 389	1 472	71 937	103 721	101 745	1 976
Dagkirurgi/dagbeh.	29 206	27 674	1 532	24 830	39 262	37 301	1 961
DRG-poeng	61 781	61 879	-98	58 524	83 462	84 122	-660
Pol. konsultasjonar	211 490	198 411	13 079	198 411	281 987	270 380	11 607
Psykiatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	97 301	90 243	7 058	101 474	129 863	121 959	7 904
Opphaldsdagar, dagpasientar	8 771	9 045	-274	8 821	12 010	12 401	-391
Pol. konsultasjonar	51 555	59 336	-7 781	36 888	76 350	83 203	-6 853

Ved utgangen av september ligg produksjonen av DRG-poeng i Helse Bergen nær opp til planen. Talet på sjukehusopphald ligg 2 % over planen. Samanlikna med fjoråret er veksten på 6,8 %. Veksten er størst innan dagopphald (som har låg vekt). DRG-indeksen til Helse Bergen pr. september er 0,811, noko som er 0,019 lågare enn same tid i fjor. Aktiviteten innan døgnbehandling og dagkirurgi er framleis lågare enn budsjettert.

Aktiviteten innan vaksenpsykiatrien er høgare enn planlagt både når det gjeld utskrivingar, døgnopphald og dagopphald. Når det gjeld dagopphald og utskrivingar er dette ei positiv utvikling. Auken i talet på opphaldsdøgn er derimot eit negativt trekk. Talet viser at Helse Bergen ikkje har klart å fjerne overbelegget. Talet på polikliniske konsultasjonar er 19,9 % lågare enn budsjett. Noko av avviket skuldast vakansar, men òg at ein ikkje har fått til ein så sterk produktivitetsvekst som føresett i budsjettet. Innan barne- og ungdomspsykiatrien ligg produksjonen innan dagopphald 37 % under planlagt nivå. Avviket skuldast dels at personalet utfører arbeid i den enkelte pasient sin barnehage og at dette ikkje blir registrert som dagopphald i systemet og dels skuldast det langvarige sjukemeldingar og vakans.

2.5 Helse Førde HF

2.5.1 Resultat

Samandragsrapport pr.: **SEPTEMBER 2005**

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	Avvik
Poliklinikk (RTV og eigenbet.)	66 293	6,5 %	67 981	6,7 %	68 192	7,1 %	90 627	90 627	0
ISF	299 519	29,5 %	308 453	30,3 %	184 728	19,2 %	406 346	422 492	-16 146
Rammetilskot	604 680	59,5 %	601 673	59,0 %	676 006	70,2 %	804 390	802 230	2 160
Andre inntekter	45 458	4,5 %	41 202	4,0 %	34 109	3,5 %	60 407	54 907	5 500
Sum driftsinntekter	1 015 950	100,0 %	1 019 309	100,0 %	963 035	100,0 %	1 361 770	1 370 256	-8 486
	Rekneskap	Kostratio 2)	Budsjett	Kostratio 2)	Regnskap	Kostratio 2)	Prognose	Budsjett	Avvik
Varekostnader	137 787	13,6 %	135 233	13,3 %	193 544	20,1 %	182 242	183 081	-839
Løns- og personalkostnader	701 681	69,1 %	673 586	66,1 %	640 403	66,5 %	949 174	936 174	13 000
Andre driftskostnader ekskl. meiravskrivning	192 345	18,9 %	188 601	18,5 %	151 091	15,7 %	262 994	261 341	1 653
Sum driftsutgifter	1 031 814	101,6 %	997 420	97,9 %	985 037	102,3 %	1 394 410	1 380 597	13 813
Driftsresultat ekskl. meiravskrivning	-15 864	-1,6 %	21 889	2,1 %	-22 002	-2,3 %	-32 640	-10 341	-22 299
Netto finans	-1 539		-1 875		-646		-2 100	-2 500	400
Ekstraordinære poster	0		0		0		0	0	0
Resultat ekskl. meiravskrivning	-17 403		20 014		-22 648	0	-34 740	-12 841	-21 899
- Meiravskrivning	51 000		51 000		51 000		68 000	68 000	0
Resultat	-68 403	0	-30 986	0	-73 648	0	-102 740	-80 841	-21 899

1) Inntektsfordeling i % av totale driftsinntekter

2) Kostnader i % av driftsinntekter. Tallet gir et uttrykk for relativ kostnadsbruk i forhold omsetningen (kostnadseffektivitet)

Pr. september har Helse Førde eit negativt resultatavvik på kr 37,4 mill. Dette er ei forbetring på kr 2,7 mill frå forrige rapport. September gav 51 færre DRG-poeng enn føresett i budsjettet. Samla ligg Helse Førde no 472 poeng bak målalet, etter ni månader er det bokført kr 8,9 mill lågare ISF inntekter enn føresett. Avviket heng m.a. saman med at tilgangen på pasientar frå heile Helse Vest sitt opptaksområde ikkje har blitt så stor som føresett. På den andre sida er det registrert meir-inntekter på gjestepasientar psykiatri med 3,8 mill kr som kjem av at Helse Førde har ein del pasientar frå Helse Midt sine randkommunar.

Sum driftskostnader viser eit meirforbruk på kr 34,4 mill samanlikna med budsjett, dvs. 3,4 %. Meirforbruket har auka med 2,9 mill kr frå forrige periode. Varekost og innleie av medisinsk personell frå private firma viser eit akkumulert overforbruk på knapt 8 mill kr. Meirforbruket her vert i noko grad vege opp av mindreforbruk på kjøp av private helsetenester på kr 5,5 mill.

På lønsområdet har Helse Førde eit overforbruk på 28 mill kr. Utfordringa er knytt til overtid og ekstrahjelp. Nærare analyse av forbruket viser at dei store klinikkane har ein reduksjon i variabel løn samanlikna med same periode i fjor. Overforbruket skuldast at ein ikkje har greidd å realisere innsparingsmåla, samstundes som Helse Førde registrerer at seks månaders drift av ambulansedrift i eigen regi gjev større lønskostnader enn budsjettet. På årsbasis er årsprognosen no justert opp til eit avvik på 13 mill kr.

Andre driftskostnader viser eit meirforbruk på kr 7,1 mill etter ni månader. Dette skuldast i all hovudsak meirkostnader til sjuketransport utover budsjettet.

I prognosen varslar Helse Førde no eit avvik i resultatet målt mot budsjett på kr 21,9 mill. Helse Førde påreknar mindre tilleggsfinansiering til Ortopediklinikken, fordi det kjem færre pasientar frå Helse Vest-området enn det som var føresett då budsjettet vart lagt. Dette fører med seg eit avvik i inntektene på 6,1 mill kr.

I årsprognosen er det teke omsyn til at Helse Vest skal bidra med 2,1 mill kr til drifta av Nærskjehuset i Florø. Tilskotet var ikkje budsjettert. I tillegg er det lagt inn meirinntekter frå gjestepasientar innan psykisk helsevern på kr 5,5 mill. Andre driftsinntekter er redusert med 2,5 mill kr, noko som skuldast mindre inntekter på sal av blodprodukt og refusjon i forbindelse med samarbeid om legevakt i Nordfjord. Som motvekt vert inntekter frå sjølvbetalande pasientar større enn føreset. Samla er årsprognosen for inntektssida 8,5 mill kr mindre enn målalet.

På kostnadssida viser prognosen eit avvik på om lag 18,4 mill kr på driftskostnader før avskrivningar. Hovudårsaka til dette er meirkostnader til gjestepasientar innan psykisk helsevern med kr 4,7 mill, samt noko auka kostnader til sjuketransport på kr 6,5 mill. I årsprognosen er lønskostnadene oppjustert med til saman kr 13 mill. Årsaka til dette er forsinkingar av tiltak som skal settast i verk, samt tiltak som ikkje let seg gjennomføre i 2005. I tillegg viser seks månaders drift av ambulanse i eiga rekning, at lønskostnadane er større enn når ein kjøpte tenestene eksternt. Dette påverkar årsprognosen på lønsområdet negativt.

Avskrivningar vert rapportert med kr 4,6 mill lågare kostnad enn budsjett. Dette skuldast at budsjettet for 2005 vart fastlagt før rekneskapen for 2004 var ferdig, samt endeleg avrekning i samband med fastsetting av avskrivningar for IKT-verksemda.

2.5.2 Produksjon

PRODUKSJONSDATA

	Hittil				Heile året		
	Rekneskap -05	Plan -05	Avvik	2004	Prognose	Plan	Avvik
Somatikk							
Sjukehusopphald	14 846	15 177	-331	15 177	20 286	20 286	0
Dagkirurgi/dagbeh.	5 774	5 038	736	5 038	7 700	7 028	672
DRG-poeng	16 089	16 561	-472	15 727	21 850	22 500	-650
Pol. konsultasjonar	71 672	70 263	1 409	72 774	96 829	94 829	2 000
Psykiatri							
Antall opphaldsdøgn/døgnbeh.	25 125	22 685	2 440	23 835	33 160	30 460	2 700
Opphaldsdagar, dagpasientar	650	830	-180	830	725	1 080	-355
Pol. konsultasjonar	21 578	17 850	3 728	16 582	31 850	24 400	7 450

I september hadde Helse Førde ein produksjon som ligg 51 DRG-poeng etter måltal. Samla ligg føretaket no 472 poeng bak målalet. Meir enn heile avviket kan først tilbake til lågare produksjon enn planlagt innan ortopedi-, der ein etter ni månader ligg 743 poeng etter målalet. Tilførsel av ortopedipasientar frå heile Helse Vest området ligg framleis etter målsettinga.

Helse Førde rapporterer ein årsprognose på 21 850 poeng mot måltal på 22 500 poeng, Det er berre ortopediområdet som rapporterer negativt avvik på årsbasis.

Poliklinisk aktivitet for somatisk område ligg 1409 konsultasjonar før målalet, på same måte som at ein framleis har ein aukande andel dagbehandling. Psykisk helsevern har god produksjon. Talet på polikliniske konsultasjonar ligg 20,9 % over målalet. Talet på opphaldsdøgn ligg òg over målalet (10,8 %).

2.6 Helse Vest IKT AS

Samandragsrapport pr.: **SEPTEMBER 2005**

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				Heile året		Avvik
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Prognose	Budsjett	
Sum driftsinntekter	190 683	100 %	193 580	100 %	258 106	258 106	0
Varekostnader	21 886	11,5 %	21 000	10,8 %	28 000	28 000	0
Løns- og personalkostnader	43 893	23,0 %	42 034	21,7 %	58 404	58 404	0
Andre driftskostnader	123 953	65,0 %	130 034	67,2 %	171 378	171 378	0
Sum driftsutgifter	189 732	99,5 %	193 068	99,7 %	257 782	257 782	0
Driftsresultat	951		512		324	324	0
Netto finans	460		0		0	0	0
Ekstraordinære postar							0
Resultat	1 411		512		324	324	0

Driftsinntektene i Helse Vest IKT er ca. kr 3 mill lågare enn budsjettet. Samtidig er også kostnadssida kr 3,3 mill lågare enn budsjettet. Varekostnader og løns- og personalkostnader har negative avvik, men blir vege opp av lågare andre driftskostnader enn budsjettet.

Personalkostnadene er kr 1,9 mill (4,5%) høgare enn budsjett. Frå mai og utover har aktiviteten auka vesentleg. Årsakene til det er blant anna auka aktivitet knytt til Infrastrukturprogrammet (nettverk, serverkonsolidering, felles PC-plattform med meir) samt nye årsverk grunngjeve i ny aktivitet (datavarehus). Samtidig er bruken av overtid høg i september (blir utbetalt i oktober) og det er gjort avsetning for dette (0,7 mill. kr). Det vert jobba med tiltak for å få redusert bruken av overtid.

Avskrivningane er bokført til kr 40,8 mill. Dette er kr 6,1 mill lågare enn budsjettet. Anleggsmodulen er nyleg oppretta for selskapet og arbeidet med å leggja inn anleggsmidlane har starta. Det er mykje arbeid knytt til dette og det er vurdert at det vil ta ca. ein måned før alt er på plass.

Samla resultat er 0,9 mill. kr betre enn budsjett. Det vil vera naudsynt med ein stram kostnadsstyring dei siste månadene av året for å nå dei måla som er sett. Det vil også bli gjort ein gjennomgang av einskild prosjekt etter gjennomgang med revisor for å sikra korrekt rekneskapsmessig behandling av nokre av investeringane.

2.7 Apoteka Vest HF

Samandragsrapport pr.: **SEPTEMBER 2005**

REGNSKAPSDATA

	Hittil i år				2004		Heile året		Avvik
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Rekneskap	%-fordeling	Prognose	Budsjett	
Sum driftsinntekter	344 686	100 %	320 598	100 %	310 364		456 677	437 677	19 000
Varekostnader	277 120	80,4 %	252 453	78,7 %	248 556	80,1 %	366 646	344 646	22 000
Løns- og personalkostnader	51 550	15,0 %	52 684	16,4 %	48 032	15,5 %	72 438	72 438	0
Andre driftskostnader	14 792	4,3 %	15 628	4,9 %	12 538	4,0 %	20 843	20 843	0
Sum driftsutgifter	343 462	99,6 %	320 765	100,1 %	309 126	99,6 %	459 927	437 927	22 000
Driftsresultat	1 224		-167		1 238		-3 250	-250	-3 000
Netto finans	294		188		299		250	250	0
Ekstraordinære postar	0		0		0		0	0	0
Resultat	1 518		21		1 537		-3 000	0	-3 000

Pr. september har Apoteka Vest eit overskot på kr 1,5 mill. Dette er kr 1,5 mill betre enn forventa hittil i år. Med unntak av Stavanger går alle apoteka med overskot så langt i år. Inntektene er ført med utgangspunkt i den nye prisingsmodellen som vart innført frå 1.1.

Prognosen for året viser eit resultat på minus kr 3 mill. Denne bygger på ei ekstrapolering av utviklinga i varekostnaden pr. september. Avtalen med helseføretaka opna for nye forhandlingar etter 1. tertial i år men det er førebels uklart om desse forhandlingane vil kunne bidra til å redusere avviket. Inntektene i prognosen byggjer på eit konservativt anslag der ein tar høgde for at forhandlingane med helseføretaka om justeringar av prisingsmodellen ikkje fører fram.

2.8 Kjøp av helsetenester

Samandragsrapport pr.: **SEPTEMBER 2005**

REKNESKAPSDATA

	Hittil i år				Heile året		Avvik
	Rekneskap	%-fordeling	Budsjett	%-fordeling	Prognose	Budsjett	
Poliklinikk (RTV og eigenbetaling)	520 094	5,6 %	0	0,0 %	0	0	0
ISF	3 081 717	33,2 %	2 959 298	34,2 %	4 125 309	4 125 309	0
Rammetilskot	5 670 686	61,2 %	5 679 676	65,7 %	7 575 858	7 575 858	0
Andre inntekter	305	0,0 %	2 710	0,0 %	3 613	3 613	0
Sum driftsinntekter	9 272 802	100,0 %	8 641 684	100,0 %	11 704 780	11 704 780	0
Varekostnader	9 052 626	97,6 %	8 380 269	97,0 %	11 356 163	11 356 163	0
Løns- og personalkostnader	278	0,0 %	624	0,0 %	1 318	1 318	0
Andre driftskostnader	183 853	2,0 %	198 681	2,3 %	264 843	264 843	0
Sum driftsutgifter	9 236 757	99,6 %	8 579 574	99,3 %	11 622 324	11 622 324	0
Driftsresultat	36 045		62 110		82 456	82 456	0
Netto finans	0		0		0	0	0
Ekstraordinære postar	0		0		0	0	0
Resultat	36 045		62 110		82 456	82 456	0

Helse Vest kjøp av helsetenester har pr. september eit negativt resultatavvik på kr 26,1 mill. Biletet er samansett av både positive og negative avvik. I avrekninga mellom Helse Vest og helseføretaka er det fleire kostnadskomponentar som det ikkje er budsjettert på i morselskapet eller kor det førebels ikkje er gjort ei tilsvarande periodisering av inntekta. For Helse Førde ligg det inne kostnadsdekning for fedmekirurgi i Førde, ortopediklinikken i Lærdal og tilskot til Florø på til saman kr 7,6 mill. Mot Helse Bergen ligg det inne kostnadsdekning for pasientbehandingar utland, to kompetansesentra (vestibulære og gastroenterologiske sjukdomar) og gjestepasientar innan psykiatri på til saman kr 16,1 mill. I tillegg ligg det inne kostnadsdekning for psykolog og forsikring på Helse Fonna med kr 1,4 mill og korreksjon for DRG avrekning 2004 på kr 2,1 mill.

Innan gjestepasientar somatikk/psykiatri er det eit samla positivt avvik på kr 23 mill som skuldast auka behandling av pasientar frå andre regionar. Pasientstraumane ut av regionen har også auka, men auken kjem i form av behandling hjå private sjukehus og avtalespesialistar. Kostnaden ved å sende pasientane til private aktørar er i gjennomsnitt lågare enn DRG-refusjonen ein får frå staten (grunna den høge ISF-refusjonsgraden). Som ein motpost til dette positive avviket er det ein auka kostnad til kjøp av gjesteplassar innan rusområdet på kr 19 mill. I tillegg ligg det avvik på fleire postar på til saman kr 2,9 mill.

Helse Vest har budsjettert med ein reserve som for året utgjer kr 126 mill. Reserven vil måtte løysast opp ved utgangen av året, og det positive resultatavviket som følgjer av dette vil vere med å dekke opp dei andre budsjettavvika, samt dekke opp for delar av manglande resultatoppnåing i helseføretaka.

2.9 Helse Vest administrasjon

Samandragsrapport pr.: **SEPTEMBER 2005**

REGNSKAPSDATA


	Hittil i år			Heile året		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Prognose	Budsjett	Avvik
Sum driftsinntekter	11	0	11	0	0	0
Varekostnader	2 902	0	2 902	0	0	0
Løns- og personalkostnader	16 336	18 984	-2 648	26 037	26 037	0
Andre driftskostnader	17 046	29 217	-12 171	39 079	39 079	0
Sum driftsutgifter	36 284	48 201	-11 917	65 116	65 116	0
Driftsresultat	-36 273	-48 201	11 928	-65 116	-65 116	0
Netto finans	3 791	0	3 791	0	0	0
Ekstraordinære poster	0	0	0	0	0	0
Resultat	-32 482	-48 201	15 719	-65 116	-65 116	0

Ved administrasjonen i Helse Vest er det eit positivt avvik pr. september på til saman kr 15,7 mill. Avviket på løns- og personalkostnader heng saman med vakansar delar av året og kostnader i samband med nasjonalt leiarprogram som det ikkje er avsett for, men der rekninga vil koma på slutten av året.


Når det gjeld andre driftskostnader er det eit positivt avvik på kjøp av konsulenttenester. Det ligg inne ein reserve på kjøp av konsulenttenester som ikkje vil bli brukt i år. I tillegg er det nokre prosjekt som har fått seinare oppstart enn føresett i budsjettet og som dermed får lågare kostnad enn budsjettet. Det er òg eit par mindre prosjekt som blir overført til neste år pga. manglande intern kapasitet til å handtere desse.

3 LIKVIDITET

Helse Vest har som følgje av underskota tidlegare år samt betaling av KLP reguleringspremiar opparbeida seg negativ likviditet. Denne har forverra seg gjennom året og viser ved utgangen av september eit overtrekk på kr 820 mill. Overtrekket er lågare enn føresett i budsjettet men dette skuldast at KLP reguleringspremie var føresett betalt i september mens det no viser seg at desse hovudsakeleg forfell i oktober. I følgje likviditetsprognosen vil samla overtrekk ved utgangen av året vera på kr 1,065 mill. Utviklinga i likviditet er illustrert i diagrammet under. I tillegg er det lagt inn ein graf som viser budsjettet overtrekk for kvar månad.



Helse Vest har fått utvida driftskredittramma på konsernkontoen til kr 1,3 mrd og vi legg no til grunn at det er tilstrekkeleg med likvide midlar tilgjengeleg på konsernkonto til over nyåret. Likviditetssituasjonen vil bli gjennomgått på nytt i samband med budsjettet for 2006



4 UTVIKLING I MÅNADSVERK OG SJUKEFRÅVÆR


Helseføretaka har fram til no rapportert utviklinga i månadsverk og sjukefråvær manuelt. Samtidig har det vore mogleg å hente ut rapportar i data for utvikling i månadsverk og sjukefråvær direkte i lønskuben som ligg i rapporteringssystemet til konsernet. Grunnen til at tala fram til no ikkje har vore brukt er at tala ikkje har vore godt nok kvalitetssikra. Frå og med neste rapportering er det no meldt at tala vil vere "friskmeldte" og at ein dermed kan gå direkte inn i systemet og hente ut tala. Sjølv om ein hele tida har

peika på at tala som er rapporterte hittil har vore usikre, har det likevel vore viktig å bruke tala ut frå at all erfaring viser at bruk av tal òg gir betre kvalitet på tala på sikt.

4.1 Sjukefråvær

Sjukefråværet viser naturleg nok sesongmessige svingingar. Samanlikna med 2004 har alle føretaka med unntak av Helse Bergen ein auke i sjukefråværet. I Helse Stavanger aukar fråværet frå 5,5 % til 5,8 %. I Helse Fonna er auken eit prosentpoeng (frå 5,7 % til 6,7 %). Auken i Helse Førde er frå 3,6 % til 6,1 %. Her er ikkje auken reell. I berekninga av fråværestal i 2004 er det brukt eit noko anna prinsipp enn i 2005, og tala er difor ikkje fullt ut samanliknbare.


Samanlikna med starttidspunktet for målingane er det likevel ein tendens at sjukefråværet går ned. Det er likevel viktig å ha fortsatt sterk fokus på sjukefråværet og tiltak for å avgrensa det.



4.2 Månadsverk


Helse Stavanger har ein reduksjon i talet på månadsverk frå august med 207 månadsverk. Tala i Helse Stavanger har svinga ein del, men dette er det lågaste talet i tidsserien frå jan -04. Kostnader knytt til overtid og ekstrahjelp er lågare enn budsjettert i september, og dette kan vere med og forklare reduksjonen frå månadene før.

I Helse Bergen er det ein auke i talet på månadsverk 213. Helse Bergen rapporterer at dette skuldast ein reell auke i talet på nyttilsettingar i ledige stillingar. Helse Bergen har no i bruk 48 fleire stillingar enn budsjettert. Dette skuldast overlapping og behov for opplæring. Helse Bergen reknar med at ein dei næraste månadene vil vere nede på det budsjetterte nivået.



I Helse Fonna er det ein auke på 64 månadsverk frå august til september. Helse Fonna har ei utfordring knytt til bruk av overtid og ekstrahjelp og har sett i verk fleire tiltak retta mot reduksjon av dette.

I Helse Førde er talet på månadsverk redusert med 68 frå august til september.



Forslag til vedtak

Styret tar økonomirapport pr. 30. september -05 til etterretning.